

# KYRKJEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 102	Kjem ut kvar måned	Februar 1939	Utgjevar og redaktør: <b>Prost Slaattelid</b> Davik	10. årg.
---------	-----------------------	--------------	---	----------

### Bønn.

På mørke stier vandrer vi  
i dette jordeliv.  
Gud, vær mig nær, stätt du mig bi,  
jeg er kun ror og siv.

De onde makter bryter frem  
og ofte mot mig står,  
jeg har ei kraft å møte dem,  
og dype sår jeg får.

O nåderike Fader kjær,  
uttrekk din sterke arm,  
kjemp med mig du mot mørkets hær,  
og trykk mig til din barm.

Hold mig ved hånd, min frelser Krist,  
hen over mulmets vei,  
og følg mig du, så vet jeg visst,  
jeg seire skal ved dig.

L. J. Eldevik.

### Tro og viden.

Der var en tid da praktisk talt alle mennesker i de kristne land »trodde«. Det vil si: de hadde kunnskap om de viktigste ting som bibelen åpenbarer, og de holdt det for sant.

Nu viste det sig jo altfor klart at en slik tros-viden ikkje gjorde dem alle til sanne kristne. Og så matte det betones hvor utilstrekkelig den er. Med stadig større iver blev det innprentet. Og til slutt kunde man hore sagt: troen har ingen ting med å gjøre og forsantholden å gjøre! Den er en personlig tillitsforhold. Det kommer ikke an på *hvad* man tror, men *at* man tror, og på *hvem* man tror.

Her er sannhet og løgn blandet sammen på en måte som gjør veien til tro vanskelig for mange også i dag. Her må det større klarhet til.

Det er sant at det ikke er *nok* å eie kunnskapen og holde den for sann. Men det er

djevlesk løgn og list å forkynne at så har troen intet med viden å bestille.

Nettop når det avgjørende ved troen er tilliten, blir det absolutt nødvendig at den rette kunnskap om Gud først er til stede. Hvordan skulde jeg kunne ha tillit til en person som jeg ikke sikkert kjenner?

Det må, som Hebr. 11, 6 enkelt sier, begynne med at man tror — d. v. s. holder for sant — at Gud er til, og at han lønner dem som søker ham. Derfor begynner også Gud sin åpenbaring med en slik kunnskapsmeddelelse om sig selv. Han åpenbarer sig for Moses under navnet JEG ER (2. Mos. 3, 14). Og gjennom hele skriften — men mest i Sønnen — viser han *hvordan* han er: rettferdig, hellig og kjærlig.

Dette vet vi ikke av oss selv. Derfor blir det klart hvad enhver som ønsker å få en levende tro, først av alt har å gjøre. Han kan ikke sette sig til å vente på at en personlig tillit til Gud og Kristus plutselig skal springe frem i hjertet. For her som alltid hviler troens tillit på viden om den som tilliten retter sig mot. Og den viden kan bare hentes der hvor Gud selv har gitt kunnskap om sig.

Du som gjerne vil tro: Forsker du etter hvad Guds egen bok kunngjør om ham og hans vilje og sinnelag?

Merk, jeg sier ikke at du først må vite og holde for sant alt det bibelen rummer. Det er utrolig hvor lite kvantum av kunnskap som skal til, når den bare er central og riktig. Og fremfor alt: den viden du må eie, er ikke en prestasjon du skal yde, ikke en forsantholden du skal streve med.

Nei, du skal bare stille dig inn under Guds sannhetsord. Og så har det den kraften i sig at når det bare får komme til og virke på et ærlig menneskehjerte, så over-

velder og overbeviser det. Da *må* du holde det for sant, dersom du ikke skal fornekte din egen samvittighet.

Det sier Jesus selv: »Hver den som er av sannheten, hører min røst.« (Joh. 18, 37).

På denne kunnskap om Gud og hans frelse, og på villighet til å holde den for sann, hviler troens tillit.

Hovedlærer **Smemo** i »N. Misjonstid.«

### Til alle radiolydarar.

Kringkastinga har fått ei veldig makt i vår tid. Her i vårt land er der ikring 300 000 radioapparat i bruk, og talet aukar stødt. Det er klart at radioutsendinga vil få meir og meir å seia for heile det åndelege liv i folket, til godt eller til vondt. Denne påverknaden vil verta sterkare og sterkare. Det er noko som ikkje er råd å hindra, endå um ein vilde freista på det. Det gjeld difor um at denne innverknaden er god, at den bygger opp og ikkje riv ned, at den tenar det gode og ikkje det vonde, at den er til gagn for vårt folks framtid og ikkje til skade. Og for alle kristne, for alle som held på kristendom og kyrkje, er det allerviktigaste at kringkastinga ikkje motarbeider kristeleg liv og moral, men heller fremjar det. Vi trur, at det viktigaste av alt for det einskilde menneskje og for heile folket er at Kristus må ha makt imillom oss. Difor vil vi fremja alt som kan vera til bate for kristendomen si stilling i vårt land, og vi er imot alt som kan skada den. Dette er vår oppgåve ogso når det gjeld kringkastinga. Sjølv sagt ikkje slik at den berre skal senda ut preiker og salmesong og anna kristeleg stoff. Men slik at programma ikkje motarbeider den kristne tru og dessutan gjev eit rom for det kristelege som svarer til den plass som kristendomen har i vårt folks åndsliv. Skal det lukkast må ein halda fram sine ynskje og krav til dei som styrer. Ein lyt slå seg saman i lydarlag slik som andre fyrr har gjort. — Arbeidarpartiet har sine lag, riksmålsfolket sine. Dei kristeleg og kyrkjeleg interesserte lyt ta det på same vis, dersom det skal verta teke omsyn til dei. Gjer dei seg ikkje gjeldande, bryr ingen seg um det som dei vil. Difor har ein no skipa Norges kristelige Lytterlag. Formålet er å arbeida for kringkasting

av gudstenester, andakter og foredrag m. v. av kristeleg interesse og å motarbeide foredrag eller utsendingar som krenkjer kristen tru eller moral. Laget er heilt nøytralt i politiske spørsmål og i målstriden. Det vil samla alle som vil verna um kyrkje og kristendom. Det har alt fått mykje tilslutning. Kontingenten er 1 kr. for 2 år og ein får tilsendt laget sitt medlemsblad som kjem ut 4 gonger for året.

På prostimøtet 8. januar i år var der samtala um sokneråda sine oppgåver. I den samanheng vart det samrøystes vedteke å telja til at alle sokneråda i fjorden tek upp arbeidet for å få teikna medlemmer i det kristelege lydarlaget. Her i prestegjeldet har saka alt vore fyre i Davik og Ålfot sokneråd. Dei vedtok samrøystes å ta fatt på arbeidet. Medlemene vil no, kvar i sine krinsar, venda seg personleg til alle som har radioapparat, og beda dei vera med i lydarlaget. Her i våre bygder er det jo endå slik at praktisk talt alle vil at kristendomen skal haldast uppe og ikkje missa si makt. Difor trur eg sikkert, at umlag alle radiolydarar her vil stydja dette tiltaket. Det er ei stor og viktig sak det her gjeld. Alle lydarar kan her vera med og verna um det dyraste som vårt folk eig: den kristne arven frå våre fedrar. Sterke makter i vår tid er på ferda for å riva frå oss og øydeleggja denne arven. Og vær sikker: Dei er um seg, ogso i kringkastinga.

Eg bed alle dei i prestegjeldet som har radioapparat, å tenkja over denne saka. Når eit medlem av soknerådet kjem og legg henne fram for dykk, so syn velvilje og vær med. Det er igrunnen ei plikt for alle tenkjande lydarar som har nokon interesse for kyrkje og kristendom.

R. S.



### Våre døde.

17. des.: Ingebrigt Larsson Brunsvik; g. karmann; f. i Sunnelven 1853; alderdom.  
 24. des.: Ingeborg Olsdtr. Maurstad; karenkje; f. 1854 på Runshaug; alderdom.  
 24. des.: Ingeborg Åmundsdtr. Rimstad; karenkje; f. 1862 i Endal; alderdom.  
 28. des.: Marta Hansdtr. Hammen; ug. dovstumm; f. 1853; alderdom.

30. des.: Johanne Olsdr. Moldestad, kona til Kristian Moldestad, Rimstad; f. 1864 i Selje; alderdom.

2. jan.: Elling Martinsson Midthjell; g. gbr; f. 1865; lungebrand.

12. jan.: Josef Rasmusson Verpeide; e. kårmann; f. 1858; alderdom.

Vi lit på di store miskunn.

Dan. 9, 18.

### Notisar.

**Døypenamn.** I 1938 vart det døypt 70 born frå Davik. Av dei fekk 44 norske namn: Kjell, Kåre, Solfred, Karl, Svein (3), Olav, Hallvard, Magnar (2), Gunnar, Harald (2), Oddvar, Dag, Sigvald, Ragnar (2), Elling (= Erling), Asbjørn, Agnar, Arvid, Sigmund, Reidar, Dagfinn, Bjarne, Per, Egil, Møyfrid, Aud, Kjellfrid, Solfrid, Bjørg, Sigrid (2), Borgny (2), Torbjørg, Dagny, Ragnhild, Audhild, Gerd, Bergljot. — 26 fekk framande namn: Magnor (?), Mons (dansk), Anton (av latinsk Antonius), Nils (dansk, av gresk Nikolaus), Ove (dansk), Ole (dansk), Johan (tysk av det bibelske Johannes), Kristen (dansk), Hans (tysk av Johannes), Anskar (tysk), Marta (bibelsk), Ester (2, bibelsk), Johanna (4; bibelsk), Laura (latinsk), Anne og Anny (av det bibelske Anna), Bodil (dansk), Emma (tysk), Eva (bibelsk), Karen (dansk av gresk Katarina), Margit (av gresk Margareta), Karin (svensk av Katarina).

### Kyrkjeleg statistikk for 1938.

	Davik.	Rugsund.	Ålfot.	Ialt.
Fødde, levande .....	14	38	3	55
Døypte .....	13	42	4	59
Konfirmera .....	10	41	5	56
Vigde i Davik .....	4	10	2	16
Vigde andre stader .....	3	1	0	4
Jordfesta .....	14	21	5	40
Altargjestar .....	279	637	77	993

**Ofringar og kollektar i 1938.** I Davik kyrkje: 13. febr. til Santalmisjonen 23 kr., 18. april til heimlausemisjonen 25.56, 5. juni til lön åt provstihjelpeprest 74.80, 18. sept. kollekt til Santalmisjonen 33, 25. desember til heidningmisjonen 113.43. —

I Ålfot kyrkje: 1. jan. til Indre sjømannsmisjon 35, 6. febr. til Santalmisjonen 37, 18. april til heidningmisjonen 29.44, 12. juni til prostihjelpepresten 37.50, 25. desember til Menighetsfakultetet 22.30.

**Davik sokneråd** har for 1939 valt uppatt til formann soknepresten, til næstformann lærar Årdalsbakke og til kasserar R. P. Daviknes. Desse ofringar vart fastsette: I påsken til Indremisjonen i samanheng med påskemøtet, i pinsen til heidningmisjonen, i jøli til prostihjelpepresten.

**Rugsund sokneråd** valde uppatt klokkar Hausle til formann, Karl Haugland til næstformann, klokkar Auvold til kasserar. Ofringane skal vera til heidningmisjonen, prostihjelpepresten og sjukerøktlaget.

**Ålfot sokneråd** valde uppatt klokkar Bruland til formann, ordførar Førde til næstformann, Hans Myklebust til kasserar. Ofringane som i Rugsund.

**Ofringar:** I Rugsund 26. des. til sjukerøktlaget kr. 28.80. I Totland same dag til det same kr. 25.18.

**Basarar:** Leirgulen 20. nov. til heidningmisjonen 130 kr. — Isane 1. nov. til Santalmisjonen 78 kr.

**Hans J. Lefdal** har for sjukdom og alderdom skuld sagt frå seg stillinga som medhjelpar i Davik sokn.

**Til sjukerøktlaget** er innkome: Medlemspengar: Rimstad 26 kr., Oldeide 3. — Maiblomar: Rimstad 15, Oldeide 6, Haus 10, Husevåg 10, Endal 6.50. — Lodd: Oldeide 5, Haus 10, Ålfot 20, Husevåg 20, Kjølsdal 15, Elde 5, Endal 5, Hennøy 5. — Merke: Oldeide 2, Haus 4, Sparebanken 4, Lensmannen 2, Ålfot 6, Hennøy 2, Husevåg 8, Kjølsdal 6, Elde 1.52, Endal 2.48. Basarar: Kjølsdal 235, Haus 65.62, Maurstad og Rimstad 150, Ålfot 112. — Offer: Rugsund 28.80.

**Til Davik gamleheim** er i 1938 innkome: Frå W. Bakkes ervingar 2000 kr. Torheim krins 68.60. Isane 30. Davik sjukerøktlag 200. Ålfot krins 135. Endal krins 51. Rugsund krins 198.05. Maurstad og Rimstad kvinneforeining, bøssepengar 63.75. Tilsaman 2746.40. Kapitalkonto 31. des. 1937: kr. 8 381.67. Kapital 31. des. 1938: kr. 11 128.07. Hertil kjem noko renter. — Formannen i styret for gamleheimen, Jonas Brohakke, takkar hjarteleg alle gjevarane.

**Nytestamente** kan dei som har lita råd få gratis hjå soknepresten.

**Legat i Davik.** Gregorius Kjøllesdals legat er til hjelp for folk i Davik sokn som misser krøter og har vanskeleg for å kjøpa seg andre i staden. — Amalie Eides legat er til hjelp i same slags tilfelle, men er for folk frå heile Davik prestegjeld. — Arne Daviknes's legat er til hjelp for sjuke i Davik sokn.

**Dåpsattestar** o. l. som ein skal ha hjå soknepresten, kostar 1 kr. + porto. Dersom ein tingar dei skriftleg, bør ein senda betalinga i frimerke med det same.

**Det andre prostimøte** for sokneråda i Nordfjord vart halde på Eid 8. januar. Der var møtt fram 80 soknerådslamer, forutan 7 prestar. Det var fyrst gudsteneste, der sokneprest Løvoll byrja, søkneprest Brekke preika og klokkar Kvamme slutta. På ettermiddagsmøtet tok ein fyre seg det uppsette emne: Uppgåver for sokneråda. Innleidarar var klokkar Heien og lærar Tvinneheim. Det var ein interessant diskusjon, der m. a. klokkarane Hausle og Bruland var med. Innleidaren og fleire andre kom med sers gode innlegg. Mange ting vart haldne fram um sokneråda og soknerådslamene sine plikter og oppgåver. Mest vart det tala um kyrkje-søknaden, at soknerådslamene ved eige fyredome og ved påverknad på andre må arbeida for å halda den uppe. Likeins at dei bør sjå det som ei oppgåve å vitja dei sjuke og gamle i krinsane sine. — Sterkt vart det strika under, at skal dei fylla sine

plikter rett, gjeld det fyrst og fremst um at dei sjølve er slike som gjer ålvor av sin kristendom. — Denne samtalen gav mykje til ettertanke og sjølvprøving. Tilslutt heldt sokneprest Eriksen foredrag um dåpen. — Eg trur at alle som var tilstades, tykte det var ei gild samkome. Det er um å gjera at alle soknerådslomer som på nokon måte kan, er med på prostimøta.

**I kringkastinga** brukar ein her i landet berre 5 procent av sendetida til direkte kristeleg stoff; i Danmark er det 6 procent og i Sverige 8.

**Prostihjelperepresten** skal arbeida her i prestegjeldet i tida 19. mars til 15. april.

#### Gudstenester:

1. sundag i fasta, 26. febr.: Ålrot.
2. sundag i fasta, 5. mars: Davik.
3. sundag i fasta, 12. mars: Rugsund.
- Midfaste sundag, 19. mars: Totland.
- Maria bodskaps sundag, 26. mars: Davik.

**Kvittering for kontingent**, betalt fyre 1. januar: Mons Strand, Martin Endal, Jørgine Bugjerde, Henrik Daviknes, Severin Lofnes, Anders T. Vik, Martines A. Elde 2 kr. — Lærar Aardalsbakke, H. Indredavik 5 kr. — N. Lefdalskjelle, Olai Totland, lærar Hunskaar 3. — Lærar L. J. Eldevik, Lars J. Ytreide 2.50. — Jens Øvrebø 1.50. — Tils. kr. 39.50. Hjarteleg takk til alle.

**Den store heilagdomen** i Nordfjord frå Olav Trygvessons tid og til reformasjonen var Selje-øya med minnet um Sankt Sunniva. I 500 år samla folk frå Nordfjord seg derute til høgtid den 8. juli, Seljemanna messe. Alle her i bygdene bør ha greie på desse gamle kyrkjelege minne. Eg tek diifor inn i bladet det som Sigrud Undset skriv um St. Sunniva i boka si um »Norske Helgener«. Eg har fått løyve til det fra forfattaren.

#### Rekneskap for Kyrkjebladet 1938.

##### Inntekt:

Overf. fra rekneskap 1937	Kr.	805.00
Bladpengar mottekne 1938	»	674.60
Renter i banken 1938	»	23.97
	—————	Kr. 1503.57

##### Utlegg:

Prenting og ekspedisjon	... Kr.	562.00
Portoutlegg	»	72.74
	—————	» 635.74
Overført til rekneskap for 1939	.....	Kr. 868.83

Som ein ser har det ogso i det siste året gått svært bra med Kyrkjebladet, endå vi har gjeve ut 2 dubbelnummer. I dette året vil eg kunna gjeve ut 3 slike. Eg takkar hjarteleg alle dei som har gjeve sine gaver og soleis halde bladet uppe. — Eg har til overs nokre heile argangar fra siste år. Skulde det vera nokon som vilde senda ein slik argang til slektingar eller kjeningar som ei helsing frå heimbygda, er det no høve til det.

## Sankt Sunniva.

Fra **Sigrud Undset**: »Norske Helgener«.

Legenden forteller at Sunniva var datter av en irsk småkonge som levde omkring midten av det tiende århundre. Hun vokste op, blev overmåte vakker og forstandig, og tidlig fattet hun det forsett at hun vilde ingen annen brudgom ha enn Vår Herre Kristus. Det betyr kanskje at hun, likesom så mange andre barn av de irske småhøvdinge, blev fostret i et kloster som var blitt grunnnet på jord skjenket av hennes klan, og var utsett til å bli abbedisse der engang i tiden. Men forinnen døde hennes far og det falt på den unge kongedatteren å styre hans rike med sine venners og frenders hjelp.

Så kastet en hedensk vikinghøvding sine øine på dette rike som en vakker og pur ung pike rådet over og skulde verge. Det hadde jo hendt før i Irland at høvdingene fant det lønnsomt å binde en av de fremmede sjøkongene til sig ved giftermål; så verget han det stykket av landet som nu var hans mot andre vikingers angrep. Den fremmede høvding fridde til Sunniva, men hun sa nei. Så tok han til å herje hennes land for å skremme henne og tvinge henne til samtykke. Men Sunniva var bundet av sitt løfte til Gud og kunde ikke gifte sig. Hun stevnet da ting med sine menn og talte slik til dem: »Jeg har kalt dere sammen, kjæreste vennene mine, for å rådslå om dette riket som jeg har styrt en tid sammen med dere. Nu tar onde mennesker til å engste mig ved overmodige angrep, sånn som de gjør, alle som higer efter dette korte livs forgjengelige gleder. Derfor har jeg tenkt at nu vil jeg ikke lenger som en trellkvinne tåle sorger og bekymringer for et usselt jordisk herredømme som ingenting er verd mot den evige salighet. Men jeg vil gjøre mig fri, som en ættstor kvinne, og overgi mig til min Herres Jesu Kristi makt og forsyn, og alle de som vil følge mig må gjøre slik. Men alle som vil, må fritt bli i sitt fodeland, selv om jeg nu farer herfra.«

Nu hadde hun løst sitt folk fra alle plikter mot sin dronning. Men Sunniva var så elsket i sitt land, så en stor skare, både menn og kvinner, vilde reise med henne og forlate sin odelsjord.

(Forts.)